

## **Referat møte i FAU 30.05.2023**

Stad: Rolland skule, kl. 17 – 21

1. Oppmøte: Ikkje møtt (1A), Cecilie Kirø (1B), Stian Skreden (2A),  
Ida Pugerud (2B), Anette Fredheim (3A), Kristin Sande Endale  
(3B), Magne Aas (4A), Trine Lise Bøe (4B), Ikkje møtt (5A), Lisbeth  
Ruus (5B), Marianne Eide (6A), Elin Johnson (6B), Hege Høyland  
(7A), Ikkje møtt (7B)
2. Søkt midlar  
Magne har sendt søknad om aktivitetsmidlar. 50 000 kr.
3. 17. mai  
Dei siste fakturaene er ikkje komne endå. Kasserer informerer om  
eit overskot på ca. 15 000 kr. dersom dei siste fakturaene stemmer.
4. Skulemjølk

Rotasjon og utval. Er det mogleg å få velje mellom eit større utval  
produkt?

Innspel: Det burde være opp til foreldre å bestemme kva borna  
skal få av drikke.

Innspel: Kan skape kjøpepress.

Innspel: I forhald til pris er det ikkje så stor skilnad på  
sjokolademjølk og vanleg mjølk.

FAU ser ikkje noko helsemessige ulemper som argument for å  
nekte mjølk med sjokolade eller jordbærsmak, men skulen må  
vurdere kva dei vil tilby.

Frukt på rendaskulane? FAU meina det skal være eit tilbod til  
heile skulen dersom det er praktisk mogleg.

Tilføyelse til referat frå rektor: Det er gjort en vurdering vedr  
mulighet for frukt på rendaskolene, men på grunn av plass er det  
vurdert at det ikkje er gjennomførbart.

5. Skulen valt satsingsområde: Digitale ferdigheiter

## 6. Rollandshallen

Idrettshallen skal fortløpende pussast opp.

## 7. Svar frå kommunen

Det finnast ikkje noko vedtak på at Kollåsen skulen er overteke av Helse. Kommunen sendte informasjon om prosessen. Kollåsen skule er endå ikkje fristilt. Det planleggjast infomøte angåande plansaka til hausten. Det har blitt anbefalt utifrå bygga si tilstand at alle blir bussa til erstatningskulen på Eidsvåg.

Kva tenkjer FAU?

FAU tenkjer det er rart om det ikkje skal være ein diskusjon på dette, der alle kan komme med sine argument. Er overraska over at det skulle være bestemt utan at FAU og skulen skal få komme med innspel.

FAU må diskutere korleis vi meiner greneskulane skal brukast.

Det finnast gode argument frå begge sider. Utvalsmøtet er 13. juni. Frist tysdag 6. juni. Neste møte blir i august. Då kan evt. FAU spele inn våre tankar og ønsker. Innspel: det må spesifiserast at FAU ynskjer 1.-3. klasse i greneskulane.

Innspel: Kva blir konsekvensane for dei elevane som blir igjen på greneskulane? Dette må også diskuterast. Diskusjonen må være korleis vel man den beste skulen?

Argument i mot: kanskje er det greitt at alle elevane ikkje er med samtidig. Det kan bli problematisk når så mange bussar skal komme seg ut av Rollandskrysset.

Mange barn slit med overgangar, kanskje det er greitt å sleppe så mange overgangar.

Meir utrygt for dei yngste elevane. Skeptisk til baseskule.

Transport til bussen for dei yngste genererer meir trafikk. Ikkje alle kan gå til bussen.

Argument for: Elevane på greneskulane går glipp av oppstarten i Eidsvåg.

Innspel: Kvifor er mange for å behalde greneskulenane? Er det tryggheit det går på?

Innspel: Diskusjonen går gjerne på det med å sende elevane med buss. Er det tilsyn frå tilsette på bussane?

Det finnast argument på begge sider. FAU må klare å summere opp både utfordringane og dei positive sidene. Koke det ned til kva vi trur blir den beste løysinga/skulen for alle.

Innspel: Det er vanskeleg å forhalde seg til saka når ein ikkje er sikker på kva skulen meina er best. Blir det 1. til 3. trinn eller 6. og 7.? Må presse skulen litt til å ta eit standpunkt til kva som skal skje om greneskulenane består under byggeprosessen.

Det finnast mange gode argument for at 6. og 7. skal bli også, så det er viktig at FAU er tydeleg på kva vi kjempar for.

Korleis kjem vi vidare?

Vi må svare foreldregruppa. Må være likt til alle. Innspel: Vi må få meir informasjon frå rektor angåande kva skulen tenkjer. Få til ein konstruktiv diskusjon.

Bruke Vigilo som informasjonskanal.

Oppsummering:

Skrive mail til rektor der vi ber om distribusjon via Vigilo. Alle får det samtidig og vi unngår debatt på facebook. Innspel sendast til e-post-kontoen til FAU. Sende pr. klasse via FAU-representantane.

Innspel: Informasjon må komme ut til foreldre torsdag.

Finne ut kva vi må gjer for å bli høyrt i saka.

Rektor må komme med argumenta som ligg til grunn for å samle heile Rolland skule på Eidsvåg.

Er FAU for at småtrinna(1. til 3.) består på greneskulenane?

Intrykket er at nærmiljøet/foreldregruppa er opptekne av dette.

FAU ynsker den best moglege skulen både i og etter bygginga av den nye skulen på Rolland.

Ta kontakt med FAU ved Norlandia barnehagen.

Spørsmål: Kva tenkjer dei skal skje med Storåsen?  
Kva meina skulen er den beste løysinga?  
Skulen ønsker å ha alle elevane samla på ein stad. Innspel: må få  
rektor sine argument om kvifor skulen meina det er det beste.

Vi blir enige om at FAU ynskjer dagens drift 1–3 trinn + Sfo, og  
ynskjer å hente inn eit breitt mandat frå foreldregruppa for å sikre at  
dette er i tråd med deira ynskjer. Vi sender Mail for å oppklare det  
som er uklårt frå Suu.

Befaring Eidsvåg  
FAU er interessert i å stille med representantar på befaring. 6. eller  
12. juni blir føreslått som aktuelle datoar.